



Sund kommune
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Dato: 08.05.2014
Vår ref.: 2014/8-9
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.: 12/648-7

Svar på søknad - fylkeskommunalt tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2014

Det vert vist til dykkar søknad av 29.04.14 om tilskot til utarbeiding av dykkar kommunale trafikksikringsplan, og vårt brev av 13.02.14.

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for trafikksikring i Hordaland er det sett at eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Dette er lagt opp som ei tilskotsordning der Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) handsamar søknadane og gjer vedtak.

Det kom inn totalt to søknader om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen 1. mai 2014. Totalt var det løyvd kr 500.000,- til kommunale trafikksikringsplanar dette året.

FTU har i møte 07.05.2014 handsama søknaden og gjorde slikt vedtak:

Sund kommune får tildelt tilskot på 50.000,- kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Utbetaling vert gjort innan utgangen av mai 2014.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.